



Arkivnr: 2014/11956-4

Saksbehandlar: Anna Elisa Tryti, Ronny B Skaar, Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.08.2014
Fylkesutvalet		27.08.2014

Evaluering/gjennomgang av Norsk kulturråd. Høyringsuttale

Samandrag

Kulturdepartementet sette ned ei utgreiingsgruppe for å gå gjennom Norsk Kulturråd sine arbeidsoppgåver og organisering våren 2014.

Utgreiingsgruppa har no slutført sitt arbeid og rapporten *Gjennomgang av Norsk kulturråd* vart gjort offentleg 2.juni, og sendt ut på høyring med frist 15.august.

Utgreiingsgruppa sitt arbeid munnar ut i 20 konkrete tilrådingar. Oppsummert vert følgjande tilrådd:

Kulturrådet: Det vert anbefalt endringar både i prosess for oppnemning av rådet og for samansetting av medlemmane i rådet, m.a. er det tilrådd å opprette ein valkomite og opne for forslag til kanidatar både i rådet og fagutval. Det vert tilrådd at rådet ikkje skal handsame tilskotssaker i det heile, og at fagutvala skal få vedtaksmynde i alle tilskotssaker.

Tilskotssystemet: Utgreiingsgruppa anbefaler å gjere endringar med sikte på å forenkle og å skape transparens i tilskotssystemet som vert forvalta av rådet, deriblant omstrukturering av nokon av tilskotspostane.

Stipend: I tråd med prinsippet om armlengds avstand, meiner utgreiingsgruppa at dei statlege stipendordningane bør verte forvalta av stipendkomitear som er uavhengige både av politiske mynde og av interesseorganisasjonar. Ut frå dette tilrår gruppa at Rådet sjølv skal oppnemne medlemmer.

Fagadministrasjonen si oppgåvesamansetting: Utgreiingsgruppa føreslår at oppgåver på arkivfeltet blir overført til Riksarkivaren. Dei meiner det er behov for å tydeliggjere skiljet mellom ulike oppgåvetyper i fagadministrasjonen til Kulturrådet, det vil seie dei typiske sekretariatsfunksjonane og dei meir direktoratsprega oppgåvene.

I prinsippet går arbeidet til utgreiingsgruppa, etter fylkesrådmannen sitt syn, i stor grad ut på å finne organisatoriske og praktiske løysingar på korleis Norsk kulturråd kan ivareta både dei klassiske oppgåvene med fagbasert fondsfordeling, og dei nye direktoratsoppgåvene. Fylkesrådmannen trur ikkje dette er riktig veg vidare for kulturrådet, men vil rå til at Norsk kulturråd først og fremst tek ansvaret for fordelinga av kulturfondet, med administrasjonen i ein sekretariatsrolle. Kulturrådet bør heller ikkje produsere, leie eller gjennomføre eigeninitierte tiltak. Det er eit prinsipielt skilje mellom det frie kunstfaglege skjønnet som vert ivareteke gjennom armlengdsoppgåver, og direktoratsoppgåver som handlar om iverksetting av politiske vedtak samt kontroll av måten dei vert iverksette på. Samanblanding av desse oppgåvene vil medføre svekka transparens i norsk kulturforvaltning.

I botn og grunn vil dette og medverke til å tilsøre ansvaret i norsk kulturpolitikk og å marginalisere kunst- og kultur som politikkområde. Kulturpolitikken er best tent med, både på kort og lang sikt, å vere tydeleg forankra i demokratiske, folkevalde organ i dei ulike forvaltningsnivåa.

Fylkesrådmannen meiner at gjennomgangen ikkje har sett godt nok på høve for meir grunnleggande grep for maktspreiing mellom dei ulike forvaltningsnivå og regional og lokal samhandling og tilknytning. Ein merker seg den korte tida som er gitt til utgreiinga og den korte høyringsfristen. Om ein skulle sjå reelt på organisasjonen og det feltet den no forvaltar krev det grundig utgreiing.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at utgreiingsgruppa i tilstrekkeleg grad har oppfylt mandatet når det gjeld å vurdere om det er funksjonar som i dag ligg i Norsk kulturråd som betre kan løysast annestad. Særleg er vurderingar om tilhøvet mellom forvaltningsnivåa mangelfulle. Hordaland fylkeskommune vil særleg etterlyse vurderingar av kva rolle fylkeskommunane kan spele som regionale utviklingsaktørar.
2. Fylkesutvalet meiner at Norsk kulturråd ikkje bør utviklast i retning av eit kulturdirektorat, men i hovudsak ha som oppgåve å fordele kulturfondet. Dersom det er trong for eit direktorat på kulturfeltet i Noreg, krev dette omfattande utgreiing og direktoratet må, for å ivareta det prinsipielle skillet mellom armlengdesoppgåver og direktoratsoppgåver, vurderast etablert som eit heilt nytt og sjølvstendig organ i norsk kunst- og kulturpolitikk.
3. Fylkesutvalet ser ikkje at det er føremålstenleg å vidareutvikle rådet som kulturfagleg strategiorgan. Dette bør vere ei hovudoppgåve for kulturdepartementet. Fylkesutvalet vil åtvare mot ei avpolitisering av kulturfeltet. Kulturpolitikken bør vere forankra i folkevalde organ på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.
4. Fagutvala må ha stor autonomi når det gjeld fordeling av fondsmidlane, og må sikrast eit best mogleg grunnlag for utøving av det kunst- og kulturfaglege skjønnet, og armlengds avstand frå politiske prosessar. Det er her viktig at fagutvala sikrast representativitet, så vel med tanke på kunstfagleg kompetanse som med tanke på geografi. Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om ein «forslagsdatabase».
5. Fylkesutvalet ser positivt på tilrådde modellar for val og oppnemning av kandidatar til rådet og fagutvala. Dette kan gjere prosessane meir opne og transparente.
6. Fylkesutvalet meiner at all driftsfinansiering til kulturliv og institusjonar bør tilbakeførast til Kulturdepartementet, til dømes post 74 og 56, slik utgreiingsgruppa har tilrådd.
7. Fylkesutvalet er samd i at eigeninitierte tiltak der Kulturrådet har ein produsentrolle, vert fasa ut.
8. Utviklingsmidlar på kulturområdet, til dømes innan kunst-, arkiv- og museumsfeltet, bør fordelast mellom stat, fylkeskommune og kommune etter ei nærare vurdering av oppgåvene sin karakter.
9. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at Kulturrådet ikkje skal ta initiativ til, leie og gjennomføre prosjekt på museums- og arkivfeltet. Midlane skal heller lysast ut som utviklingsprogram med konkrete, kulturpolitiske mål. Fylkeskommunane bør ha ansvaret for dette.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.08.2014

Kulturdepartementet sette ned ei utgreiingsgruppe for å gå gjennom Norsk Kulturråd sine arbeidsoppgåver og organisering våren 2014. Utgreiingsgruppa fekk følgjande mandat:

«Regjeringen vil gjennomføre en frihetsreform i kulturpolitikken. Reformen skal føre til økt maktspredning, høyere kvalitet og bredere finansiering av kulturlivet. I den forbindelse skal Norsk kulturråds arbeidsform og organisering gjennomgås av en egen utredningsgruppe. Utredningsgruppen skal:

- *Beskrive Norsk kulturråds organisasjon og oppgaver i dag.*
- *Vurdere om Norsk kulturråds oppgavesammensetning er hensiktsmessig.*
- *Legge fram forslag om eventuell alternativ oppgavesammensetning/andre organisatoriske modeller.*

Utredningsgruppen skal ha som premiss at et Norsk kulturråd videreføres og at rådet (det kollegiale organet) skal være autonomt i de sakene det får til beslutning. Gruppen bes imidlertid vurdere om bestemmelsene i lov om Norsk kulturråd om sammensetning og oppnevning av rådet ivaretar hensynet til maktspredning og mangfold i kunstsyn på en tilfredsstillende måte. Intern organisering av administrasjonen skal ikke være et tema for gjennomgangen.

Utredningsgruppen bes vurdere om det er funksjoner som i dag ligger i Norsk kulturråd som bedre kan løses annet sted, eventuelt på lokalt eller regionalt nivå, men likevel slik at Norsk kulturfond bevares som en samlet, nasjonal finansieringskilde og ikke deles opp i regionale fond. Utredningsgruppens tilnærming bør ivareta et komparativt perspektiv gjennom å se på hvordan tilsvarende oppgaver organiseres i andre land, som Danmark, Sverige, Finland og Storbritannia.»

Det vart invitert til å kome med innspel til utgreiingsgruppa før oppstart av dette arbeidet, og Hordaland fylkeskommune sendte inn innspel etter handsaming i Kultur- og ressursutvalet 18.03 sak 41/2014 og Fylkesutvalet 27.03 sak 73/2014 med følgjande vedtak:

Hordaland fylkeskommune ønskjer at evalueringsgruppa skal sjå på høve for modeller der det er tettare kontakt mellom eit regionalt forvaltningsnivå og Kulturrådet sentralt. Kulturrådet bør nytte den lokale/regionale kjennskapen til kulturlivet, og det er viktig med samhandling mellom ulike forvaltningsnivå for å oppnå ei god utvikling og for å få best mogleg effekt av dei offentlege kulturmidlane samla.

Utgreiingsgruppa har no slutført sitt arbeid og rapporten *Gjennomgang av Norsk kulturråd* vart gjort offentleg 2.juni, og sendt ut på høyring med frist 15.august.

Bakgrunn

Rapporten gir ein god oversikt over Norsk kulturråd med ulike råd, utval og oppgåver. I tillegg gir den ein kort gjennomgang av tilsvarande organ i dei andre nordiske landa og andre sentrale europeiske land. Store delar av rapporten er reint beskrivande. Siste del av rapporten vert meir diskuterande, og utgreiingsgruppa har lagt fram eit sett med 20 konkrete anbefalingar.

Spreiing av makt i kulturlivet har vore eit sentralt perspektiv som bakgrunn for å ville gjennomgå Kulturrådet. I rapporten står det: «Maktspredning handler om en balansert fordeling av beslutningsmyndighet mellom demokratiske organer som regjering og storting, kommuner og fylker, selvstendige stiftelser, institusjoner og foreninger, organisasjoner med videre. Grunnlaget for Kulturrådets beslutningsmyndighet i en slik sammenheng er et viktig perspektiv ved en gjennomgang av organisasjonen.»

Kulturrådet i dag – organisering og roller

Kulturrådet si doble rolle som både kollegialt organ (rådet) som skal tildele midlar på reint kunstfagleg grunnlag og fagadministrasjon som har direktoratsliknande oppgåver vert mykje diskutert i rapporten. Gjennomgangen omfattar både rådskollegiet og fagadministrasjonen sin organisasjon og oppgåver.

Fagadministrasjonen i Kulturrådet har to hovudoppgåver. Den eine er å vere sekretariat for henholdsvis rådet, Utvalget for statens stipend og Garantiinntekter for kunstnere og Fond for lyd og bilde. Den andre er å vere eit forvaltningsorgan som utfører oppgåver for departementet, underlagt instruksjonsmynde til departementet.

Strukturen i det *kollegiale organet* er pr. dd strukturert slik: *Rådet* har ti medlemmar som nemnast opp av Kongen etter tilråding frå kulturdepartementet, på grunnlag av kunst- og kulturfagleg kompetanse. Rådet nemner opp *fagutval* og fastsett retningslinjer for arbeidet i utvala som skal dekke dei ulike fagområda og avsettingane i Norsk kulturfond. Det er i dag 14 fagutval med normalt fem til seks medlemmer, som vert peika ut på bakgrunn av kunst- og kulturfaglig kompetanse på det gjeldande fagområdet. Fagutvala har som hovudoppgåve å vurdere søknadar og fatte vedtak eller evt. innstille til rådet. Rådet delegerer mynde til fagutvala ved einstemmigheit å treffe vedtak i saker om tilskot opp til 300 000 kroner. Avgjersler som ikkje er delegert til fagutval og saker av prinsipiell karakter, vert handsama i rådet.

Når det gjeld *direktoratsoppgåvene* til fagadministrasjonen inneber desse mellom anna rådgjeving for Kulturdepartementet i spørsmål som gjeld museums- og arkivpolitikk, herunder eit vesentleg forvaltningsansvar for musea i det nasjonale museumsnettverket. Fagadministrasjonen har også ansvar for forvaltning av utviklingsmidlar til arkiv og museum, faglege nettverk og digitale satsingar for arkiv- og museumsfeltet. Fagadministrasjonen har ansvar for sentral oppfølging av Den kulturelle skolesekken og ei internasjonal eining, som mellom anna er nasjonalt kontaktpunkt for EU sitt kulturprogram.

Rådet og fagadministrasjonen har ikkje berre ulike oppgåver, dei har også ulik posisjon overfor politiske mynde. Rådskollegiet er faglig uavhengig i sitt arbeid og kan ikkje bli instruert i forhold til einskildvedtak om fordeling av tilskot. Fagadministrasjonen på si side vert leia av ein direktør som er underlagt departementets instruksjonsmyndighet. Denne todelinga er viktig i forståinga av kva Kulturrådet er og kva rolle denne organisasjonen utøver i norsk kulturliv. I rapporten vert omgrepa *armlengdesoppgaver* og *direktoratsoppgaver* brukt om dei to rollene og to typane oppgåver Kulturrådet har.

Fleirtalet i utvalet meiner at sjølv om den delte rolla kan vere problematisk, skal Kulturrådet ikkje delast opp i fleire einingar. Dei føreslår ei namnedeling for å gjere skiljet klårare, i henholdsvis Styret for Norsk kulturfond og statens kunstnerstipend (Kulturstyret) og Kulturrådet. Eit mindretal ser skiljet mellom armlengdesoppgåver og direktoratsoppgåver som så problematisk at dei rår til ei oppdeling av Kulturrådet.

Utgreiingsgruppa sine tilrådingar

Utgreiingsgruppa har i rapporten samla seg om i alt 20 anbefalingar. Følgjande er samanstilt i kapittel 8(80 – 81):

Anbefalinger

Utredningsgruppen mener at de anbefalingene gruppen legger frem, samlet sett vil føre til en mer moderne og rasjonell drift av de ulike delene som omfattes av Kulturrådets virksomhet. Enkelte av anbefalingene vil kunne innebære begrensede merutgifter. Nedenfor følger en samlet oversikt over utredningsgruppens anbefalinger:

Oppnevning og sammensetning av råd og fagutvalg

1. Utredningsgruppen anbefaler at det videreføres en struktur med et råd og med fagutvalg nedsatt av rådet. Rådet videreutvikles som strategiorgan som har som hovedoppgave å sikre en god og hensiktsmessig fordeling av midlene i Norsk kulturfond samt å tilrettelegge for en helhetlig forvaltning i fagutvalgene og for utvikling i kulturfeltet.

2. Rådet skal være bredt sammensatt og skal bestå av medlemmer med kompetanse innenfor kunst- og kulturfeltet, organisasjon og ledelse, økonomi, forskning og utvikling. Medlemmene skal ikke representere særskilte kunstfelt. Medlemmene bør ha innsikt i det kulturpolitiske systemet.

3. Rådet bør bestå av syv medlemmer. Oppnevning bør skje for fire år av gangen og ikke være rullerende. Gjenoppnevning av rådsmedlemmer bør bare skje én gang. Numeriske varamedlemmer oppnevnes etter behov.
4. Det nedsettes en valgkomité som utarbeider forslag til sammensetning av rådet. Kulturdepartementet utarbeider retningslinjer for valgkomiteens arbeid. Fylkeskommunene eller andre definerte regionale enheter gis rett til å foreslå rådsmedlemmer overfor valgkomiteen.
5. Rådet må ha fleksibilitet i forbindelse med bruken av fondsmidlene. En fullmakt til å overføre midler mellom kapitler på statsbudsjettet innenfor en ramme av fem prosent anbefales.
6. Rådet oppnevner fagutvalgene og gir retningslinjer for fagutvalgenes arbeid og for de ulike avsetningene.
7. Fagutvalgene fatter vedtak i alle saker om enkelttilskudd, på bakgrunn av et kunst- og kulturfaglig skjønn.
8. Medlemmene i fagutvalgene skal ha tung kunst- og kulturfaglig kompetanse innenfor fagutvalgets felt. Rådet skal sørge for god geografisk spredning og bred sammensetning av kompetanse ved oppnevning av fagutvalgene. Det foreslås opprettet en forslagsdatabase der for eksempel fylker, kommuner, organisasjoner, institusjoner og enkeltpersoner kan komme med forslag om fagutvalgsmedlemmer.

Organisering av armlengdesoppgaver

9. Forvaltningen av statens stipend og garantiinntekter legges til rådet. Disse fordeles av egne stipendkomiteer oppnevnt av rådet. Utvalget for statens stipend og garantiinntekter for kunstnere avvikles.
10. Tiltak på post 74 som egner seg for en kunstfaglig vurdering, legges inn i Norsk kulturfond. Øvrige tiltak som i dag ligger på post 74, flyttes til andre poster på Kulturdepartementets budsjett.
11. Post 56 avvikles. All støtte fra Norsk kulturfond bevilges over én post, post 55, på de respektive kapitler/fagområder på Kulturdepartementets budsjett.
12. Ordninger, tilskuddsformål og utvalgs- og komitéstrukturer gjennomgås med sikte på forenkling og samordning og for å sikre en fleksibel og transparent forvaltning av fonds- og stipendmidler.
13. Regelen om at institusjoner med fast årlig statstilskudd som hovedregel ikke skal kunne søke om støtte fra Norsk kulturfond, videreføres. Unntak fra hovedregelen bør vurderes blant annet for å fremme institusjonenes samarbeid med det frie feltet.
14. Ved forvaltning av midler til forskning og utredning og i forbindelse med andre egeninitierte tiltak skal fagadministrasjonen hovedsakelig innta en bestillerrolle, ikke en utførerrolle.

Organisering av direktoratsoppgaver

15. Arkivutviklingsoppgavet overføres til Riksarkivaren.
16. Post 77 (eksklusive sikringsmidlene) omgjøres til søkbare utviklingsprogrammer med klare mål. Innenfor avsetningen etableres det såkornsmidler som kan sikre igangsetting av for eksempel digitale utviklingsprosjekter.
17. Egeninitierte tiltak hvor Kulturrådet har en produksjonsrolle utfases.
18. Arbeidet med digitalisering og utvikling på kulturvernfeltet må koordineres mellom de sentrale statlige etatene på området. Kulturdepartementet må ta initiativ til et nærmere samarbeid på området.
19. Det tydeliggjøres at Kulturrådet, inkludert Norsk kulturfond, har ansvar for å se helhetlig på behovene i kunstfeltet, uavhengig av nasjonale skillelinjer.

20. Flertallet anbefaler at det kollegiale organet og fagadministrasjonen får hvert sitt navn, henholdsvis *Styret for Norsk kulturfond og statens kunstnerstipend (Kulturstyret) og Kulturrådet*.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Utgreiingsgruppa har ikkje vurdert innretninga på eller kor hensiktsmessig dei enkelte tilskotsordningane eller enkeltoppgåvene er, men har avgrensa gjennomgangen til oppgåvetypar og prinsipp for forvaltninga av dei ulike oppgåvene Kulturrådet forvaltar. Gruppa meiner at den konkrete forvaltninga av ordningar og enkeltoppgåver må vere gjenstand for vurdering og tilpassing til den aktuelle situasjon og behova i kunst- og kulturfeltene til ei kvar tid. For eksempel vert ordninga for innkjøp av bøker til bibliotek no gjennomgått av rådet med tanke på ei revitalisering.

Fylkesrådmannen meiner at utgreiingsgruppa i liten grad har sett på funksjonsfordeling og på modeller for samhandling mellom forvaltningsnivåa, for regional og lokal tilknytning og heller ikkje tilrådd reelle grep for å spreie makt. Såleis vert det fleste av dei 20 tilrådingpunkta berre mindre justeringar av den gjeldande organiseringa.

I innspelet Hordaland fylkeskommune sendte til utgreiingsgruppa la ein vekt på at ein ønskte at gruppa såg på *«høve for modeller der det er tettare kontakt mellom eit regionalt forvaltningsnivå og Kulturrådet sentralt. Kulturrådet bør nytte den lokale/regionale kjennskapen til kulturlivet, og det er viktig med samhandling mellom ulike forvaltningsnivå for å oppnå ei god utvikling og for å få best mogleg effekt av dei offentlege kulturmidlane samla.»* Vi ser ikkje at dette er teke til følgje og fylkesrådmannen ser dette som den største svakheita ved denne rapporten/gjennomgangen.

Når det gjeld «armlengdesoppgåvene» med Norsk kulturfond som tildeler til saman 577 millionar (2014) og dei andre tilskota som Norsk kulturråd forvaltar, er dette ein svært viktig premisseleverandør for utviklinga av kunst- og kulturlivet i heile landet. Fylkeskommunar og kommunar har i aukande grad involvert seg i utvikling og finansiering av profesjonell kunst og kulturarv, og Hordaland fylkeskommune etterlyser framleis ei tettare kontaktflate mellom sentralt og lokalt/regionalt forvaltningsnivå for saman å kunne utvikle feltet. I gjennomgangen er det einaste anbefalte forslaget der eit regionalt ledd / fylkeskommunane sin kompetanse og kjennskap er nytta, knytt til innspel til oppnemning av medlemmer i kulturrådet og fagkomiteane.

Fylkesrådmannen syner i tillegg til det tidlegare innsendte innspelet til utgreiingsgruppa også til vedtak, punkt 3, i Kultur- og ressursutvalet og i Fylkesutvalet i juni 2013 i høve Kulturutredningen 2014-NOU 2013:4:

«For å motverke sentraliseringa innan norsk kulturpolitikk, foreslår Hordaland fylkeskommune eit forsøk på Vestlandet med regionalisering av verkemidlar frå Norsk Kulturråd, Nasjonalbiblioteket, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond og Riksarkivet.»

Hordaland fylkeskommune skulle gjerne sett at utgreiingsgruppa hadde jobba meir målretta med punktet som gjeld funksjonsfordeling og samhandling mellom ulike forvaltningsnivå og modellar for dette. Når denne delen av mandatet ikkje er oppfylt vert dei framlagte tilrådingane frå utgreiingsgruppa liggande litt på sida, som i hovudsak små justeringar på den eksisterande modellen. Fylkesrådmannen vel likevel å kommentere nokon av desse meir systematisk

Ang. oppnemning og samansetting av råd og fagutval (punkt 1 – 8)

Fylkesrådmannen ser ikkje at det er føremålstenleg å vidareutvikle rådet som kulturfagleg strategiorgan, noko som vil gjere Norsk kulturråd til eit organ i retning av eit kulturdirektorat. Dersom det er trong for eit direktorat på kulturfeltet i Noreg, krev dette omfattande utgreiing og direktoratet må, for å ivareta det prinsipielle skillet mellom armlengdesoppgåver og direktoratsoppgåver, vurderast etablert som eit heilt nytt og sjølvstendig organ i norsk kunst- og kulturpolitikk. Kulturpolitikken bør vere forankra i folkevalde organ på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.

Det enkelte rådsmedlem har til no også vore leiar for sine fagråd, noko det nå vert tilrådd å gå bort i frå. At det vert tilrådd at medlemmane skal ha eit meir heilskapleg syn og fokus og ikkje oppfatast som representantar for ei enkelt kunstgrein kan vere ei god retning å gå i. Slik kan rådet agere meir uavhengig av sektorinteresser i kulturlivet. På den andre sida kan det å overlata all tilskotshandsaming til fagutvala

kunne gjere at få har oversyn og kan sjå over sjanger- og faggrensar. Om rådet skulle verte eit reint strategi- og utviklingsorgan, krev det enda større samhandling med andre organisasjonar, institusjonar og mynde som forvaltar kunst- og kultur rundt om i landet.

Hordaland fylkeskommune påpeikte i sitt innspel til utgreiingsgruppa at det er viktig å halde fokus på geografisk spreining av medlemmar i rådet og fagutval, og rullering av desse. Dette vert minst like viktig om utgreiingsgruppa sine tilrådingar vert tekne til følgje. Fylkesrådmannen ser positivt på gruppa sine modeller for val og oppnemning av kandidatar til rådet og fagutvala. Dette kan gjere prosessane meir opne og transparente. I tilrådingane vert det også gjeve høve for andre – m.a. fylkeskommunane å legge inn forslag. Dette ser ein som positivt, men merker seg at dette er den einaste gongen i denne rapporten at fylkeskommunane vert nemnt å kunne inneha ei rolle.

Fylkesrådmannen sine kommentarar til anbefalingspunkt ang. organisering av armlengdsoppgåver(punkt 9 – 14)

Det er i hovudsak punkt 9 som har vore diskutert i pressa etter at rapporten vart lagt fram. Kunstnarorganisasjonane si rolle opphøyrer i tilrådinga som er lagt fram, noko dei har protestert mot. Det vert sagt i rapporten at det handlar om å sørge for at organiserte interessar ikkje påverker utøvinga av fritt kunst- og kulturfaglig skjønn. Transparens, ryddighet og armlengd kan mangle eller vere godt ivaretatt, uansett kven som oppnemner.

Fylkesrådmannen ser det som hensiktsmessig at all driftsfinansiering til kulturliv og institusjonar bør tilbakeførast til departementet, til dømes post 74 og 56, slik det vert tilrådd.

Fylkesrådmannen sine kommentarar til anbefalingspunkt ang. organisering av direktoratsoppgåver (punkt 15 – 20)

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at Kulturrådet ikkje skal ta initiativ til, leie og gjennomføre prosjekt på museumsfeltet. Midlane skal heller lysast ut som utviklingsprogram med konkrete, politiske mål. Fylkesrådmannen støttar generelt at eigeninitierte tiltak der kulturrådet har ein produksjonsrolle, vert utfasa. Her vil Hordaland fylkeskommune peike på eit ønske om å trekkje inn det regionale forvaltingsnivået for å få større gjennomslagskraft og heilskap i satsingane.

Når det gjeld tilrådinga om namnedeling i punkt 20 ser fylkesrådmannen ikkje nokon hensikt i dette og finn heller ikkje dei føreslåtte namna klargjerande. Som tidlegare nemnt ville fylkesrådmannen ønskje at det vart sett nærare på korleis direktoratsoppgåvene kunne utførast av f.eks regionale instansar, og såleis vert den tilrådde løysinga irrelevant. Om dagens struktur vert oppretthalde ser fylkesrådmannen heller ikkje den føreslåtte namnedelinga som klargjerande.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune er oppteken av maktspreining og at regionale folkevalde organ, forvaltningsnivå og kompetansmiljø vert nytta. Dette er tidlegare uttrykt i vedtak knytt til fråsegn/høyringsuttale til Evaluering av ABM utvikling(FUV 26.08.2008), Kulturutredingen 2014(FUVsak 20.06.2013) og sist i innspellet til utgreiingsgruppa for gjennomgangen av kulturrådet før oppstart(KURE 18.03.2014).

Norsk kulturråd har i utgangspunktet hatt som oppgåve å fordele kulturfondet til kunst og kunstnarar, og har vore bygd opp for å imøtekomme denne oppgåva ut i frå kunstfaglege kriterier og på armlengds avstand til politiske mynde. Dette er eit viktig prinsipp som fylkesrådmannen ser det som viktig å vidareføre.

I dei seinare åra har imidlertid fagadministrasjonen i Norsk kulturråd blitt pålagt stadig fleire oppgåver av direktoratliknande karakter. Dette har skjedd gjennom innlemming av til dømes tidlegare ABM-utvikling og sekretariatet for Den kulturelle skulesekken m.v. Vidare har Norsk kulturråd i denne prosessen fått ansvar for nokre driftsmidlar som er overført frå departementet, utviklingsmidlar og –program, samt utviklingsarbeid.

I prinsippet går arbeidet til utgreiingsgruppa, etter fylkesrådmannen sitt syn, i stor grad ut på å finne organisatoriske og praktiske løysingar på korleis denne utviklinga kan vidareførast, slik at Norsk kulturråd kan ivareta både dei klassiske oppgåvene med fagbasert fondsfordeling, og dei nye direktoratsoppgåvene.

Fylkesrådmannen trur ikkje dette er riktig veg vidare for kulturrådet, men vil rå til at Norsk kulturråd først og fremst tek ansvaret for fordelinga av kulturfondet. Når det gjeld driftsmidlar til kunst- og kulturorganisasjonar bør dette ansvaret tilbakeførast til kulturdepartementet. Utviklingsarbeid og deling av utviklingsmidlar bør handterast av stat, fylkeskommunar og kommunar etter ei vurdering av kor dette er mest føremålstenleg. Prinsippet om armlengds avstand er avgjerande for den kunstfaglege fridommen, men samstundes må ikkje direktoratsoppgåver på kulturfeltet avpolitiserast og kulturpolitikk gjerast irrelevant. Derfor bør kunstfagleg utviklingsarbeid ha si forankring i dei folkevalde organa på dei ulike forvaltningsnivå.

Fylkesrådmannen er likevel open for at eit direktorat innanfor kunst- og kulturfeltet kan vere føremålstenleg. Men dette krev ei eiga utgreiing, og eit slikt direktorat må vere klårt skilt frå arbeidet med deling av kulturfondet. Fylkesrådmannen har i denne samanhengen merka seg mindretallet sin merknad, der det nettopp vert understreka at det er eit prinsipielt skilje mellom det frie kunstfaglege skjønnet som vert ivareteke gjennom armlengdsoppgåver, og direktoratsoppgåver som handlar om iverksetting av politiske vedtak og kontroll av måten dei vert iverksette på. Dette er viktige, legitime oppgåver i norsk kulturpolitikk som best vert ivareteke dersom det er eit tydeleg skilje mellom dei og god balanse. Samanblanding av desse oppgåvene vil medføre svekka transparens i norsk kulturpolitikk og forvaltning.

Ei slik utvikling vert ytterlegare styrka gjennom forslaget om å redusere talet på medlem i rådet, trekke inn kompetanse innan økonomi, leiing og administrasjon i rådet, og å gje rådet oppgåver med kulturutvikling og strategiar. Dette vil, slik fylkesrådmannen ser det, ytterlegare bidra til å svekke transparensen og, ikkje minst, sterkt bidra til ein avpolitisering av kulturfeltet. I botn og grunn vil dette og medverke til å tilsløre ansvaret i norsk kulturpolitikk og å marginalisere kunst- og kultur som politikkområde. Kulturpolitikken er best tent med, både på kort og lang sikt, å vere tydeleg forankra i demokratiske, folkevalde organ i dei ulike forvaltningsnivåa. Kulturfeltet høyrer heime i det politiske arbeidet i Noreg, frå grunnarbeidet med partiprogramma til debatten i Stortingssalen.

Fylkesrådmannen meiner at gjennomgangen ikkje har sett godt nok på høve for meir grunnleggande grep for maktspreiing og funksjonsdeling mellom dei ulike forvaltningsnivåa og regional og lokal samhandling og tilknytning. Ut frå mandatet ville ein forvente ulike organisatoriske modellar utgreidd, der ulike funksjonar vert lagt til lokalt og regionalt nivå. Ein merker seg den korte tida som er gitt til utgreiinga og den korte høyringsfristen. Om ein skulle sjå reelt på organisasjonen og det feltet den no forvaltar krev det grundig utgreiing.